Emne nr. 70. NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1

Martina Søylen, Voss Hordaland.

Frå robåt og seil til motor.

L De kjende 3 slags båter:- Færinger, 6 æring. storbåter og skøyter.
Dertil kom seilbåtene.
I færingerne var 4 mann i 6 æringerne 6 man og storbåtene hadde gjerne 8 mann. Desse menn kalla dei eit mannskap. Arbeide vart so mykje som mogeleg delt likt på mennene. Den som eigde båten hadde ofte mest å segja. Alle la fram si meining, og fleirtalet måtte dei bøyja seg for i deskusjonar. Skulle dei kjøpa ein ny båt eller ta ein ny mann i arbeid, då var heile båtlaget med og rådde saman om det –.
Utbytte vart delt so: Den landsdelen der båten la til land, hadde rett på 6 prosent av inkoma. Halvdelen gjekk til reidskapa andre halvdelen til båteigarane. Manskape bytte som å ro. Halvdelen rodde om gongi. Noko opplæring i yrke var det inkje. Dei unge lærde av dei eldre. Båteigaren hadde likso mest å segja. Skåringens retter og plikter kjenner me inkje til her. Det kjem visst meir under Nordlandsfiske. Dei var nok kundne av truer = fiskelukka var ikkje likt for alle. Den som hadde mange barn skulde ha god fiskelukka. Elles veirguden tok dei og umsyn til. Sume stader var sjøen opp lodda, so dei hadde som eit kart, kvar fisken eller silda stod.

LL Den fyrste motoren kom vel omlag i 1880 åri her på Vestlandet; men på Våss kom den noko seinare. Eg huggsar den fyrste motoren i Lundarasne, Våss.

14285

Den var sett på ein roleåt. Den fyrste som brukte denne motoren var handelsmann Lirhus. Han var Vassing. I ung alder reiste Lirhus til U.S.A. Han arbeidde då i Seattle. Der hadde han då kome i Kontakt med motorar. Då han kom heim gifte han seg med dotter til handelsmann Johs Vangen. Dei hadde bra råd, og ein heimkomen Amerikanar kan finne på mangt som folki undra seg over. Denne båten „bisna" då folki på —. Seinare kom det „motoragentar til bygda. Motoren, fekk kjøparen lit undervisning om kor den skulle stillast hjå seljaren. Med reparasjon greidde gamle fagmenn som var smedar i byggjingi.
Motorane kunde vera 2—3 hestekrefter ja optil 10 hestekrefter. Sume slog seg sa=mann om å kjøpe motora. Andre lånte i bankane. Det vart danna mye lag då. Dei som kjøpte motora på båtar slog seg ofte saman fleire. Motoren kom inn ved op=lysning og samkvem med andre nationar. Tidene var inkje då som no — men det var gode rolege tider. Motoren vart brukt som hjelpemotor attåt segli i motvind og trange farvatn. Motorane vart fyrst sett i opne båtar. Båtane kunde vera dei same som før. Motorane vart tekne i mot med reaksjon. De fleste likte motoren; men mange trudde den skremde burt fisken. Dei trudde og at den vart for dyr i drift. I styggever trudde mange motoren dudde inkje. Mange var misunnelege på dei som fekk seg motor og trudde at dei med den olje og duren den bringa med seg var ei ulukke for alle dei andre som drog fiske.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14285

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

III Etter motoren kom - Verkningar -.
Her på Vass har no motoren slege heilt
igjenom. Me har „Hordalands mekaniske
verkstad." Sameleis Lidsheims verkstad
og Seims mekaniske verkstad.
På Hardal. mek. verkstad. laga dei den
vidkjende: Vassvinnsjen elles sel dei
og reparera motora på alle desse stader.
Motoren lettar arbeidet i fjøs og i jordbruket
Eg nemner mjølkemaskin - Traktor - Elles
i kjøkkenet er den til mykje hjelp.
I fiskedistriktene er alt lelit forandret sidan
motoren kom i bruk. Staten har no gjeve
mykje stødnad der. Mannskapet på båtane
vart mindre på dei store båtane i forhaldi.
No måtte dei ha ein motormann som
hadde kjennskap til motoren - gjerne to.

14285

4

Den som hadde lært stella motoren måtte om han var yngstemann såg dei opp til og samrådde seg med han. Båteigaren laga no semja millom folki ombord.

Det har hent at folk som var svake til å ro fiske fekk no ein lettare jobb når motoren kom i bruk

Lk. Andre tekniske nyheter i kystbyene.

Då eg er landkrabbe og bur på Voss så er eg visst inkje den rette til å fortelja om det.

Takk for denne gongen –
Kom smart att med spyrjesjema

Kjærleg helsing
Martina Søyland
Voss

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14285